



Klart for spanande tur i brannbilen saman med brannmann Tor Jarle Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under trugsmålet frå vergudane avgjorde Aktivitetshusets Damevenner at dei skulle flytta det meste av aktivitetane til skuleplassen og Aktivitetshuset laurdag. Det vart vellukka og dette er ein god "modell" for seinare høve. Skuleplassen er intim og kan supplerast med aktivitetar for dei minste inne.



Tor Gundersen fyller drivstoff på Cessnaen før neste ferd over sentrum. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje mogeleg å meine noko heilt sikkert om kor mange som kom på Aktivitetsdagen, men ettersom besøkstalet var rundt 400 i fjor dristar vi oss til å anslå det til 500 i år. Det var atskillige som kom også frå nabobygdene og frammøtet var svært godt når ein tenkjer på at dette nok var den største arrangementshelga dette året i Kvinnherad, med tilsaman 14 arrangement på lista!

På musikk-sida var det stor spennvidde. Dei fire gutane i WoX er svært flinke når ein tenkjer på at dei starta bandet sist haust. Kvinnherad Trekkspelklubb



får det alltid til å kribla intenst i dansefoten og den lokale trubadur Michael Røsland har vi rosa før.

Kjartan Elias Tungesvik var ein av dei som likte bungeerunbana. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit svært populært tilbod for dei yngste denne gongen var ein tur med brannbilen og mange vart også imponert over ein modell av ein Cessna 177 som Tor Gundersen sendte i halsbrekkande ferd mot himmelen.



WoX er ein ny og lovande kvartett som består av Birger Bauge (15), Vegard Døsland (14), Knut Gilberto Sæbø (15) og Sondre Høyland (15). Dei tre første er frå Uskedalen og den siste frå Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers var det fleire stands, mellom anna ved Anne Ingeborg Bjørnebøle frå Omvikdalen som lokka med både geiter, sauer, hanar og ryper!

Inne i Aktivitetshuset boltra dei yngste seg skikkleg i hoppeslottet og bungeerunbana og dei svoltne fekk det dei trengte frå grillen og produksjonen av lappar og melkekaker.

Av Ola Matti Mathisen



Trekkspeklklubben leia av Nils Naasen (lengst til venstre) er trufast på Aktivitetsdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)